



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

fagkoordinator Martin Gjendem Mortensen, 71 25 84 40

Vår dato

18.06.2015

Dykkar dato

Vår ref.

2015/3704/MAMO/

Dykkar ref.

Kommunane i Møre og Romsdal

Invitasjon til innspel om skjønnsmidlar

Fylkesmannen ønskjer å invitere kommunane til å kome med innspel til skjønnstildelinga for 2015 og 2016.

Fylkesmannen tildelar kvart år skjønnsmidlar til kommunane. Fylkesmannen har ansvaret for å kome fram til ei god og rettferdig tildeling av skjønnsmidlane mellom kommunane i fylket. Innspel frå kommunane er viktig for å oppnå ei så rettferdig tildeling som råd. I siste tildeling for 2015 skal vi tildele om lag 40 millionar kroner.

Retningslinjer for skjønnstildelinga og skjønnsramma som skal tildelast i 2016 kjem ikkje før i medio august. Skjønnsramma som vi skal tildele har vore på i overkant av 100 millionar kroner. For at vi skal vere klar med tildelinga til statsbudsjettet blir lagt fram 7. oktober, må prosessen starte allereie no.

Vi ber om innspel frå kommunane seinast 7. august i år.

Endringar i opplegget for skjønnstildelinga

Endringar i retningslinjene for 2015

Departementet endra retningslinjene for skjønnstildelinga i 2015. Føremålet med endringane var å gjere retningslinjene enklare og at fylkesmennene skal leggje like mykje vekt på lokale høve for kommunane her i fylket som meir nasjonale utfordringar. Konkret ble talet på kriterier som kunne vurderast i tildelinga redusert slik at det ikkje skulle bli oppfatta at desse punkta skulle leggjast meir vekt på enn andre. Vi ser ikkje at endringane gir grunn til å endre praksis for skjønnstildelinga i Møre og Romsdal. Vi ser det som ei stadfesting av dei signal vi har fått frå departementet om at lokale høve må tilleggjast vekt i tildelinga.

Signal om retningslinjer og skjønnsramme for 2016

I kommuneopposisjonen for 2016 er det ikkje varsle store endringar i retningslinjene for skjønnstildelinga.

På grunn av nyt opplegg knytt til differensiert arbeidsgivaravgift i revidert nasjonalbudsjett for 2015 varsler departementet at dei må endre retningslinjene for skjønnstildelinga. Som nemnt kjem ikkje retningslinjene før i august, og vi

Tildeling av skjønnsmidlar i 2016

Vi legg til grunn at det ikkje vil vere store endringar i opplegget rundt retningslinjene for skjønnstildelinga eller for den fylkesvise skjønnssramma, utover det som er signalisert over.

Den økonomiske skjønnssramma for Møre og Romsdal er som nemnt ikkje kjent før i medio august. Ut frå kommuneproposisjonen er det ikkje gitt signal om at det vil vere reelle endringar i skjønnssramma. Vi går ut i frå at det er om lag 100 millionar kroner blir tildelt kommunane i Møre og Romsdal.

Vi ønskjer innspel på vesentlege utgifter som kommunen ikkje kan påverke sjølv, og som ikkje blir kompensert i stor nok grad gjennom andre tilskott. Innspela frå kommunane vil bli sett opp mot til dømes inntektssystemet og andre tilskottsordningar, og i høve til gjennomsnittlege utgifter knytt til innspelet for kommunane i fylket i den grad det lar seg gjere.

Vi vil uansett vurdere følgjande kriterier i tråd med praksis frå tidlegare år:

Språkdeling

Kommunar som må opprette eigne klassar som følgje av pålagt språkdeling, vil få kompensasjon. Vi nyttar tal frå GSI og har såleis ikkje behov for ytterlegare innspel om kommunen ikkje finn det naudsynt.

Barnevern

Vi nyttar allereie innsamla statistikk frå kommunane og kompenserer dei kommunane som har relativt mange barn under omsorg i høve til gjennomsnittet for fylket. Kommunane med mange barn under omsorg vil bli ivaretaken gjennom eksisterande rapportering. Om kommunen har synspunkt utover dette kan det spelast inn.

Skyss av helsepersonell

Kommunar som har store utgifter knytt til transport av helsepersonell (til dømes med ambulansebåt) får kompensert ein del av dei ekstra utgiftene. Vi ber dei aktuelle kommunane sende inn dokumentasjon for slike utgifter.

Kompensasjon for endringar i differensiert arbeidsgivaravgift (DAA)

Kommunar som fikk auka arbeidsgivaravgifta har historisk fått kompensasjon for dette. Vi signaliserte ved framlegg av statsbudsjettet i fjor at denne ville bli trappa ned med 20 prosentpoeng årleg framover. I revidert nasjonalbudsjett (RNB) i 2015 la departementet fram eit nytt opplegg for kommunar med redusert arbeidsgivaravgift. Vi må vurdere nedtrappingsplana av skjønnsmidlar knytt til DAA på nytt i lys av endringane i RNB. Vi kjem att til det, anten når vi tildelar dei 7 millionar kronene i ekstra skjønnsmidlar over RNB eller seinast i statsbudsjettet for 2016.

Spesielle saker

Kommunane kan spele inn vesentlege utgifter som kommunen sjølv ikkje kan påverke. Desse utgiftene kan vere av permanent karakter. Døme på saker vi har kompensert i tidlegare år er ekstra samfunnstryggleiks- og beredskapsutfordringar knytt til fjellskred.

Siste tildeling av skjønnsmidlar i 2015

[Retningslinjene for skjønnstildelinga i 2015](#) er på departementet sin heimeside.

I 2015 er det ei siste tildeling av skjønnsmidlar. I den siste tildelinga for 2015 vil vi vurdere følgjande kriterier:

Ressurskrevjande tenestemottakarar

Utgifter knytt til særleg ressurskrevjande tenestemottakarar har auka sterkt dei siste åra. Det gjeld både på nasjonalt nivå og for kommunar i Møre og Romsdal. Kommunar som har høgare utgifter enn gjennomsnittet i fylket vil få kompensasjon. Vi nyttar rapporterte tal til Helsedirektorat i toppfinansieringsordninga. Om kommunen har ein stor del ressurskrevjande tenestemottakarar som er rett under innslagspunktet i toppfinansieringsordninga eller som har fått nye brukarar i år, kan det spelast inn.

Vi ber om innspel om kommunen har høge utgifter knytt til einskilde brukarar som er over 67 år og som ikkje er omfatta av toppfinansieringsordninga. For å få eit godt grunnlag til å vurdere dette kriteriet, er vi avhengige av at alle kommunane sender innspel, sjølv om dei ikkje har brukarar som fell inn i denne kategorien. Vi ber som tidlegare om at kommunane nyttar same mal som i toppfinansieringsordninga, og sendar det til revisor. Distriktsrevisjonane kan godt samle inn rapporteringa frå sine kommunar og sende det til oss.

Robek – Forpliktande plan

Kommunane som har utarbeida forpliktande plan for å vinne att økonomiske balanse i 2015 har fått satt av 500 000 kroner. Om kommunen har iverksatt tiltaka i forpliktande plan, heldt budsjettbalansen elles og dekker inn rekneskapsmessig meirforbruk i tråd med inndekningsplanen, vil få utbetalt skjønnsmidlar. Vi vil i eiga brev be kommunane i Robek om å rapportere på forpliktande plan med frist i månadsskifte mellom september og oktober.

Barnevern II

I statsbudsjettet for 2015 har kommunar med høgare utgifter enn fylkesgjennomsnittet i barnevernet fått kompensasjon. Kompensasjonen var satt med bakgrunn i innrapporterte tal til og med sommaren 2014. På bakgrunn av oppdaterte tal for 1. halvår 2015 vil vi vurdere å gi kompensasjon til dei kommunane som har fått sterke auke i utgiftene knytt til barnevernet.

Samfunnstryggleik og beredskap

Staten, ved NVE, har tatt over det meste av drifta og tilhøyrande finansiering av Åknes-Tafjord Beredskapsenter IKS. Vi ber om at spesielt Stranda og Rauma kommunar gjer reie for status vedkommande det økonomiske oppgjeret.

Midlane som tidlegare ble gitt for å kompensere meirutgiftene til medlemskommunane blir omfordelt til andre føremål innanfor skjønnsramma.

Spesielle saker

Kommunane kan spele inn vesentlege utgifter som kommunen sjølv ikkje kan påverke. Desse kan vere av midlertidig karakter. Døme på saker vi har kompensert i tidlegare år er virus på sjukeheim, flom, steinskred og fleire liknande saker.

Kontaktinformasjon og oversending

Spørsmål knytt til skjønnstildelinga og innspela frå kommunane kan rettast til:

Martin G. Mortensen	71 25 84 40	fmmrmamo@fylkesmannen.no
Sissel Hol	71 25 84 49	fmmrsiho@fylkesmannen.no

På grunn av ferieavvikling vil vi ikkje alltid vere tilgjengelege på telefon, men vi tar i mot spørsmål på e-post.

Innspela kan gjerne sendast digitalt til fmmrpostmottak@fylkesmannen.no.

Vi ber kommunane om å vere nøyne med å merke oversendinga med teieplikt om innspela innehold sensitiv informasjon.

Vi ønskjer kommunane ein fin sommar !

Med helsing

Rigmor Brøste
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

kopi:

Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 i Møre	Postboks 7734 Spjelkavik	6022	ÅLESUND
og Romsdal			
Distriktsrevisjon Nordmøre	Kaibakken 1	6509	Kristiansund N
Kommunerevisjonsdistrikt nr 2 i Møre	Rådhuspl. 1	6413	Molde
og Romsdal			
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS	Bjørndalsveien 10	6065	ULSTEINVIK